



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

**BJØRNA
FJØRDEN**

BLI INSPIRERT



Anne Frøland
Frøland 25
5650 TYSSE

Referanse nr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
21/13395	20/14926	Øystein Svalheim 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		09.03.2021

Høyring av utkast til lokal forskrift for hjortejakt i Samnanger kommune

Samnanger kommune sender med dette framlegg til forskrift om jakt på hjort på høyring.
Frist for å komma med innspel er 23 mars

Framlegg til forskrift om jakt på hjort, Samnanger kommune, Vestland.

Heimel: Fastsett av Samnanger kommunestyre XX.XX.2021 med heimel i lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift 8 januar 2016 nr 123 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Det er opna for jakt på hjort i Samnanger kommune i Vestland.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve på hjort er sett til 700 dekar for heile kommunen.

§ 3. Denne forskrifta trer i kraft straks og opphever samstundes det som omhandlar Samnanger kommune i forskrift av 13 juni 2001 nr 648 om jakt etter hjortevilt (elg hjort og rådyr), Sveio, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Modalen, Meland, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

Saksopplysningar

Det har frå grunneigarar og via politikarar i kommunen kome innspel på at kommunen bør vurdera å setje ned minstearealet på hjort i Samnanger.

Samnanger kommune har ikkje hatt ei eigen forskrift om minsteareal for hjort, men har vore ein del av ei forskrift for heile Hordaland. Fram til 1992 vart minsteareal for elg, hjort og rådyr fastsett av fylkesmannen. Då ansvaret for kommunal viltforvalting vart overført til kommunane var framleis den fylkesvise forskriften gjeldande inntil kommunane sjølv forandra ho. For Samnanger sin del var minsteretalet på hjort satt til 1000 dekar i den fylkesvise forskriften. Det har ikkje vore endringar i minstearealet i kommunen og difor har Samnanger sitt minsteareal vore fastsett i den fylkesvise forskriften. Dersom kommunen no går inn for å endre sitt minsteareal for hjort vert det som omhandlar Samnanger kommune i forskrift av 13 juni 2001 nr 648 om jakt etter hjortevilt (elg hjort og rådyr), Sveio, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Modalen, Meland, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland oppheva. Og det vert oppretta ei eigen lokal forskrift for Samnanger kommune.

Ei slik forskrift og framlegg om endring av minstearealet skal høyrast hjå aktuelle partar, til dømes hjortevalda, Grunneigar organisasjonane i kommunen og jakt og fiske laget. I tillegg skal Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune ha saka til uttale.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Grunngjeving/vurdering.

Etter hjorteviltforskrifta skal kommunen, når dei endrar minsteareal, vurdera følgjande faktorar:

- Bestanden si utvikling i høve til kommunens målsetjingar.
- Bestanden sin storleik og samansetjing.
- Beitegrunnlag og levevilkår for arten elles, mellom anna sesongtrekk.
- Eventuelle konfliktar i høve til jord-, hage- og skogbruk.
- Påkøyrlar av vilt lang veg og bane, samt anna irregulær avgang.
- Andre moglege konfliktpunkter, til dømes naturmangfald.


Utviklinga til bestanden i høve kommunen sine målsetjingar.

Samnanger kommune har felles kommunale mål og strategi for hjorteforvaltninga i Fusa, Os og Samnanger 2010-2020.

Denne strategien har hatt som målsetjing at hjortestamma skulle reduserast med 30 % i høve nivået i 2010 for dei 3 kommunane til saman.

Tal på felte hjort, sett-hjort registreringar og tilbakemeldingar frå gardbrukarar på omfanget av skader på skog og innmark grunna hjort, tyder på at vi ikkje har hatt den nedgangen i bestanden som vi skulle har sett dersom vi hadde nådd målsetjinga frå 2010.

Bestanden sin storleik og samansetjing.



Figur 1: Tidelte og felte dyr 2004-2020.

Frå 1986-1990 blei det skote mellom 33 og 44 hjort pr år i Samnanger, på 90-tallet varierte det mellom 25 og 73 hjort pr år, her såg vi ein auke mot slutten av tiåret. Denne auka har halde fram dei neste 20 åra. I 2020 vart det skote 193 hjort under jakt i kommunen.

Det har sidan 2005 blitt registeret «sett hjort» under jakt i Samnanger. Informasjonen me får frå desse teljingane kan seie noko om utviklinga i hjortestamma. I 2018 vart det innførd ein ny instruks for korleis ein skulle føre sett-hjort. Det som var nytt var at dersom 2 jegerar så



dei same dyra så skulle dette førast som 2 observasjonar. Mens ein tidlegare førte dette som ein observasjon. Det er difor vanskeleg å samanlikna tala før og etter 2018.

Tabell 1: Indeksar på bestandsutvikling etter sett hjort registreringane.

Jaktår	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sett per jegerdag	1,13	1,26	1,53	1,46	1,71	1,14	1,32	1,26	1,86	1,32	1,43
Felt per jegerdag	0,12	0,11	0,14	0,13	0,13	0,09	0,1	0,12	0,13	0,13	0,11
Sett kolle per bukk	2,11	2,6	2,44	2,28	1,96	2,09	2,52	2,26	2,04	1,72	1,56
Sett kalv per kolle	0,53	0,7	0,69	0,71	0,75	0,59	0,72	0,63	0,65	0,64	0,63
Sett spissbukk per bukk	0,52	0,29	0,7	0,45	0,54	0,36	0,63	0,6	0,35	0,43	0,43
% bukker felt av sette bukke	22,7	22,58	22,6	20,58	17,5	18,18	19,32	20	14,57	18,21	12,88
% koller felt av sette koller	8,05	9,15	8,15	8,32	7,35	7,57	7,66	8,56	7,75	10,04	8,62
% kalver felt av sette kalver	9,49	6	6,69	7,98	6,21	6,59	6,31	8,13	6,1	7,27	8,86
Antall jegerdager	612	1248	1132	1249	1007	957	1459	1352	1172	1084	1612
Antall jaktfelt	22	33	34	35	34	22	33	33	32	27	32

Sjølv om «Sett hjort» tala frå 2018-2020 ikkje kan samanliknast direkte med åra før er det framleis viktig at ein held fram med desse registreringane, etter nokre år vil ein enklare kunne samanlikne med tidlegare, og enklare samanlikna ulike områder uavhengig av korleis dei jaktar i dei områda.

Beitegrunnlag og artens levevilkår elles, mellom anna sesongtrekk.

Tabell 2: Slaktevekt på dei ulike kjønnss- og aldersklassane 2011-2020.

Jaktår	Hannkalv	Hokalv	Bukk 1 ½ år	Kolle 1 ½ år	Bukk 2 ½ år og eldre	Kolle 2 ½ år og eldre
2011	25,1	25,7	46,5	37,9	84,9	58,0
2012	25,5	25,4	43,4	42,3	81,5	57,0
2013	25,6	23,2	42,8	39,3	78,1	55,9
2014	26,1	25,4	48,4	42,9	77,5	59,4
2015	26,4	26,7	47,5	41,7	77,3	57,1
2016	22,3	26,6	44,7	43,4	89,1	58,4
2017	25,3	23,7	43,3	42,3	84,6	58,2
2018	25,1	24,6	43,5	40,4	81,6	56,1
2019	24,4	23,1	45,1	39,4	86,5	57,9
2020	25,7	22,6	43,9	40,2	81,1	54,1

I Samnanger har vi sidan 2011 samla inn og registrert slaktevekter på hjort felt under jakt i kommunen. Vektene har vore rimeleg stabile desse åra. Dersom ein ser ein nedgang på vektene, spesielt på kalv og ungdyr tyder det på at det er for mykje hjort i høve til beitegrunnlaget.

Eventuelle konflikter i høve til jord-, hage- og skogbruk.

Fleire gardbrukarar har meldt til kommunen og landbrukskontoret at dei har til dels omfattande skade på avlingane på dyrka mark.

Hjorten kan gnage bork av tre, både gran og ask er ofte utsett for dette.

Etter hogst skal skogen forygast/plantast igjen. Mange plassar gjer hjorten stor skade på nye plantefelt av gran, og det vert vanskeleg og dyrt å få opp ny skog på areal som er hogd.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Fleire som leverer tømmer opplever at sagtømmeret vert klassifisert ned grunn at hjorten har gnaga bork. Dette utgjer meir enn 100 kr pr m³ tømmer. Ved hogst av gran i Samnanger er det eit gjennomsnitt på 40-50 m³ pr dekar ved hogst, dvs at hjorteskader kan forårsaka tap på 4000-5000 kr pr dekar.

Hjorten kan også gnaga bork på frukttrær og beita på andre hagevekstar og prydbusker.

Påkøyrlar av vilt langs veg og bane, samt anna irregulær avgang.

Tabell 3: Påkøyrlar av hjort i Samnanger 2008-2020, samt anna irregulær avgang.

År	Påkøyrlar	Sjukdom med meir
2008	4	2
2009	4	1
2010	7	17
2011	4	4
2012	9	3
2013	8	0
2014	7	0
2015	8	3
2016	9	1
2017	8	0
2018	19	2
2019	12	1
2020	12	0

Tal påkøyrsler av hjort i Samnanger har auka dei siste 3 åra samanlikna med åra før. I 2010 var det mange registrerte tilfelle av hjort som hadde døydd av andre andre årsakar. Vinteren 2009-2010 var kald, med mykje snø og mange hjortar bukka under i løpet av denne vinteren. Talet i tabellen visar berre dei hjortane som var funne og det reelle talet er nok høgare enn dei 17 som vart registeret. Likevel tydar utviklinga på at det har vore ei auke i hjortestamma dei siste åra.

Andre moglege konfliktpunkt, til dømes naturmangfold.

Den høge tettleiken av hjort lokalt i kommunen gjer at enkelte artar av tre ikkje veks på grunn av hard beiting. Hardt beite kan i ein skilde tilfelle endre det biologiske mangfaldet.

Samla vurdering.

Både auka vi ser i tal felte hjort og påkøyrlar dei siste åra tyder på at vi har ei auke i hjortestamma. Den felles målsetjinga som var laga med Os og Fusa seier at tettleiken i hjortestamma skal reduserast. Det bør difor skytast fleire hjort i Samnanger.

Sjølv om slaktevektene på hjort som er skote i Samnanger er stabile, så kan det sjølv om det er nok tilgang på gode beiter til hjorten gå hardt utover landbruksnæringa, ved at gardbrukarar har tap av avling. Det som vert viktig etter at ein reduserer tettleiken i ein bestand av hjort, er at ein tek vare på dei dyra som gjev best produksjon, slik at ein framleis har store koller og bukkar som igjen gjev store kalvar og ungdyr. Ein god metode for å få til dette er å sørga for at ein skyt ein stor del ungdyr og kalv.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Vurderinga frå administrasjonen er at tal fellingsløyve bør aukast og minstearealet for godkjenning av hjortevald og fellingsløyve på hjort bør senkast frå 1000 dekar til 700 dekar. Kommunen og hjortevalda må framleis rekna med å nytta moglegheita til fråvik frå minstearealet ved tildeling av fellingsløyve for å ta omsyn til lokale tilhøve i kommunen.

Frist for å senda innspel til framlegg til forskrift om jakt på hjort i Samnanger komme er 23 mars

Innspel kan sendast til: Bjørnafjorden Landbrukskontor, postboks 24, 5649 Eikelandosen

Eller med e-post til. landbrukskontoret@bjornafjorden.kommune.no

Med vennleg helsing

Øystein Svalheim
Landbrukskjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.